

Skjenking av alkohol ved Nord universitet

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.



NORD
universitet

RUTINESKILDRING «Retningslinjer for skjenking av alkohol»

Tittel	Skjenking av alkohol ved Nord universitet
Føremål	Sjå til at studentar, studentforeiningar og tilsette har retningslinjer å halde seg til med tanke på skjenking av alkohol på Nord universitet
Tilhøyrer prosess	Bruk av areal ved Nord universitet
Ansvar	Eigedomssjef
Skrive av	Eigendomsdrift
Dato revidert	17.01.2020; 23.01.2020; 27.01.2020; 18.02.2020; 26.02.2021
Sign. eigedomssjef	15/3-2001 Tomm Sandmoe
Lovtekst	Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (Alkoholoven)
Rutineskildring	

Skjenking av alkohol ved Nord universitet

- Det er ikkje tillate for studentar å arrangere festar eller andre arrangement/tilstellingar på Nord universitet utan at dette er søkt om og gjeve løyve til. Det krevjast løyve frå grunneigar til å gjennomføre arrangementet. Dette får ein ved å vende seg til Eigedomsdrift ved Nord universitet. Sjå kontaktliste på side 3. Dette gjeld for alle typar tilstellingar. Tilstellingar som ikkje kan vise til godkjenning vil bli avslutta av vektar eller andre med styresmakt. Ved alle arrangement der det blir skjenkt alkohol skal det liggje føre skjenkeløyve frå den respektive kommunen.
- Skjenking i lukka lag kan berre skje etter avtale med Eigedomsdrift. Det er berre studentforeiningar ved Nord universitet som kan søkje om tilstelling med alkohol, og det skal liggje føre skjenkeløyve.

Retningslinjer for servering av alkohol ved Nord universitet

1. Alkohol skal ikkje serverast ved Nord før klokka 15:00
2. All servering av alkohol mot vederlag krev skjenkeløyve
3. For å servere eller drikke alkohol i fellesareal eller areal tilgjengelege for ålmenta må det liggje føre skjenkeløyve
4. Servering av alkohol utandørs kan tillatast innanfor avgrensa/markert område om det ligg føre skjenkeløyve
5. Studentar har i samsvar med § 8-9 i alkohollova ikkje lov å drikke alkohol i lokala til universitetet utan at det ligg føre skjenkeløyve
6. Ved lukka arrangement for tilsette kan det serverast alkohol i moderate mengder utan skjenkeløyve, jf. § 8-9 i alkohollova.

Skjenking av alkohol ved Nord universitet

Løyve til alkoholservering

- For skjenkeløyve må søkjar sjølv ta kontakt med den respektive kommunen
- Ved behov for løyve frå grunneigar, ta kontakt med Eigedomsdrift (det er krav om løyve ved alle typar arrangement og tilstellingar)
- Sjå særleg § 8-9 i alkohollova for relevante reglar rundt fritak frå løyve

Brot på retningslinjer

- Ved brot på retningslinjene nemnt over kan vektarar eller andre med styresmakt avslutte arrangementet direkte.
- Ved brot på vilkåra i alkohollova kan tilhøvet bli meldt til politiet. Sjå under om kva ansvar du har som ansvarleg styrar av skjenkeløyve.
- Ansvarleg arrangør kan bli halden erstatningsansvarleg ved skade på Nord sin eigedom og utstyr.

Styrrar/skjenkeansvarleg

Ved alle søknader om skjenkeløyve skal det peikast ut ein styrar som skal godkjennast av løyvestyresmakta.

Krav, plikter og ansvar som følgjer vervet som styrar for skjenkeløyve:

- Styrar må vere over 20 år.
- Styrar må ha kjennskap til føresegnene i alkohollova.
- Styrar må vere edru og som hovudregel vere til stades på skjenkearealet.
- Styrar har ansvar for å organisere arrangementet slik at det ikkje skjer brot på regelverket.
- Styrar kontrollerer at tilsette har kunnskap om regelverket og overheld dette.
- Styrar må kunne kommunisere med gjestar, medarrangør og kontrollstyresmakt.
- På førespurnad frå løyvestyresmakt, vektarar eller andre styresmaktspersonar har styrar plikt til å vise fram gyldig skjenkeløyve og løyve gjeve av grunneigar.
- Styrar kan påleggjast straff etter føresegnene i alkohollova og har også erstatningsansvar.

Skjenking av alkohol ved Nord universitet

Kontaktinformasjon til dei respektive studiestader:

Bodø	eiendomsdrift.bodo@nord.no
Levanger	eiendomsdrift.levanger@nord.no
Mo i Rana	eiendomsdrift.moirana@nord.no
Namsos	eiendomsdrift.namsos@nord.no
Nesna	eiendomsdrift.nesna@nord.no
Steinkjer	eiendomsdrift.steinkjer@nord.no
Steinkjer	eiendomsdrift.steinkjer@nord.no
Vesterålen	eiendomsdrift.vesteralen@nord.no

